

# Årsmelding 2008

Vestlandske Teatersenter

## Innhald

- Innleiing
- Fråsegn frå styret
- Resultatrekneskap
- Balanse
- Notar
- Revisjonsmelding for 2008
- Styremedlemmar
- Tilsette
- Timelærarar og frilansarar
- Aktivitetar 2008
- Teaterframsyningar 2008
- Kurs og oppdragsverksemd 2008
- Medlemsorganisasjonar
- Vedtekter



# Når mål vert nådde

2008 var eit år med høge ambisjonar og store kunstnarlege prosjekt. Ressurskrevjande prosjekt som "Slaget ved Alvøen" og "Ut på Nordnes" samt Teaterfestivalen Mini Midi Maxi blei gjennomførte på ein tilfredsstillande måte og innanfor dei totale økonomiske rammene. I 2008 mottok VT offentlege tilskot på totalt 2 973 280,- . Eigeninntening i form av prosjektmidlar, kursinntekter, billettinntekter og semesteravgift på Teaterskolen for å nemne nokre, var 3 385 702,-. Dei store prosjekta er og ressurskrevjande arbeidsmessig. VT er ein liten organisasjon med 5 fast tilsette som alle er engasjerte for å kunne gjennomføre årets aktivitet. Ei takk for arbeidsglede, inspirasjon og høgt arbeidstempo til våre tilsette!

Når ein oppdragsgiver ønsker å legge ned store økonomiske investeringar i store oppsettingar hos VT tyder dette at dei trur på at VT kan produsere store framsyningar og formidle desse på ein god og profesjonell måte. Vi takkar for tilliten!

Teaterfestivalen Mini Midi Maxi var i 2008 støtta av Den Kulturelle Skolesekken og Den Kulturelle Bæremeisen / Bergen kommune, Norsk Kulturråd, Grieg Foundation, Sparebanken Vest, Bergen Riksmålsforening og Frifond. Utan denne støtta hadde det ikkje vore mogleg å gjennomføre festivalen. At ein ser verdien av festivalen som ein viktig formidlar av teater for barn og unge er av stor viktigkeit for VT.

Ein festival krever scener og i samband med Mini Midi Maxi blei det vist teater på 2 scener på Den Nationale Scene i tillegg til Ole Bull Scene og Logen Teater. Vi blir møtt kvart år med ein positivitet som er særslig inspirerande. Takk til gode samarbeidspartnarar!

Lysten til å formidle teater det vere seg i framsyningar, kurs, instruksjon eller gjennom undervising på Teaterskolen er eit viktig kriterium for å ha ein meiningsfylt arbeidssituasjon på VT og kunne stå på i hektiske periodar. Søke om tilskot, få andre engasjert i det vi jobbar med, engasjere i nye prosjekt er tidkrevjande – men det vert fort gløymt når framsyninga har premiere, teaterfestivalen er i gang, det nye kurset er gjennomført eller teaterskolen har sine framsyningar.

Betydinga av å bli sett og målt utifrå den totale aktiviteten, kompetansen og tilboda til VT er viktig og bør vere eit kriterium også i åra som kjem.

Vi gav 23 614 publikummarar ei teateroppleveling i 2008. Vi gav 953 deltakerar kurs / instruksjon / undervisning innan teaterfeltet.

*"Hvis noen har lyst til å klappe," sa Tussi da han var ferdig, "så er det nå det skal gjøres." Alle klappet. "Mange takk," sa Tussi. "Det var uventet og oppmuntrende, selv om det kunne vært litt mere Smell i klappene."*

Frøydis Otre  
Administrativ leiar

Steinar Thorsen  
Kunstnarleg leiar

TEATER EXTRA PRESENTERER

en KABARET om  
SAMFUNNET og DE

# *whatever liksem*

HAR UNGDOMMEN I 2008 ET BUDSKAP?  
ER VI ENGASJERT I EGET LIV?  
VET VI NOE OM POLITIKK OG SÅNN?

12 SKUESPILLERE  
MELLOM 13 OG 19 ÅR FRA  
VESTLANDSKE TEATERSENTER  
SIN TEATERSKOLE

REI TORMOD LOVOLD MØRK TARJEI VATNE  
TESTBREDAG TOR MARTIN ERIKSEN & TARJEI  
VATNE KOROOGAH ANN TERESA AASEN

**SPILLES PÅ BRYGGEN MUSEUM 21. - 23 OKTOBER 2008**

TIRS. 21. OKTOBER KL. 10 OG 11:30 (SKOLEFORESTILLINGER) KL. 19.00 (ÅPEN FORESTILLING; BILLETTER KR. 50,-)  
ONS. 22. OKTOBER KL. 10 OG 11:30 (SKOLEFORESTILLINGER) TORS. 23. OKTOBER KL. 19.00 (ÅPEN FORESTILLING; BILLETTER KR. 50,-)

# Fråsegn frå styret

## Oppnådde resultat

VT har hatt ein markant auke i aktivitetane dei siste åra også for 2008 kva gjeld omfang, kvalitet, synleggjering og samarbeidspartnarar. VT ønskjer å halde fram den ekspansjon og utvikling vi har hatt dei siste åra innan kurs, oppdragsverksemnd, teaterskole, teaterproduksjonar, fagleg formidling til miljø som skolar, barnehagar, museum, frivillige organisasjonar og lokale lag samt det profesjonelle og semi profesjonelle segmentet. VT skal halde fram å tilby landsdekkande kompetanse for vidareutdanning av barneteaterleiarar på den frivillige og semi profesjonelle arena i Norge i form av formidling av VT si teaterleiarutdanning.

## Kunstnarleg aktivitet

I 2008 hadde VT eit totalt publikumstal på 23 614 ein auke frå 2007 på 5 292. Det totale antal teaterproduksjonar var 39, totalt 163 framsyningar. Aktørane i produksjonane var fordelt med 654 barn og unge og 113 vaksne. Dette er ei særslig gledeleg utvikling.

VT har som overordna mål å konsolidere etableringa av Teaterfestivalen Mini Midi Maxi som eit fast tilbod til barn og unge. Festivalen har utvikla seg til å bli eit av dei viktigaste fora i landet for fagleg og kunstnarleg utvikling og diskuss av scenekunstfeltet retta mot barn og unge.

## Kurs

Det totale timeantalet for kurs i 2008 var 1462 timer. VT sin kursaktivitet varierer frå undervisning på teaterskolen, instruksjonsoppdrag på kulturskole, folkehøgskole og grunnskole, teaterkurs for Amalie Skrams hus eit kreativt senter for menneske med psykiske helseplager, diktakurs på eldresenter og ulike teaterkurs på festivalar.

## Oppdrag

Av store oppdrag i 2008 kan nemnast jubileumsframsyninga ved Nordnæs Bataillon sitt 150 års jubileum og framsyninga "Slaget ved Alvøen" i samband med 200 års jubileet for sjøslaget som vart utkjempa 16. mai 1808.

## Teaterskolen

I 2008 starta 167 elevar på teaterskolen (147 i 2007). Grunna stor pågang blei skolen utvida med ei gruppe. I tillegg til den ordinære undervisninga tilbyr også skolen "Teater Extra", eit tilbod til dei av våre elevar som er spesielt teaterinteresserte. I 2008 var det 12 elevar som medverka i den politiske kabaren "Whatever liksom". Framsyninga vart vist for ungdomsskoleelevar, ungdommens bystyre, Bergen bystyre og var opningsframsyninga til Teaterfestivalen Mini Midi Maxi.

I 2008 oppretta Bergen kommune talentutviklingsstipenda "Unge talent", kvar på 10.000 kroner. Stipenda går til å utvikle talent hos ti unge utøvarar innan musikk, teater, scenekunst og visuell kunst. Det vart delt ut 10 stipend og 3 av desse gjekk til elevar på Teaterskolen. Dette er vi særslig stolte av og gratulerer dei 3 elevane våre!

### *Medlemmer og medlemservice*

Tal på medlemsorganisasjonar og enkeltmedlemmer ligg på same nivå som tidlegare år. 49 lag/organisasjonar og 155 enkeltmedlemmer. I tillegg til formidling av kursinstruktørar, rabbatterte kurs, gratis utlån av teknisk utstyr og kostyme, er gratis utlån av øvingslokale og black box scene eit populært tilbod til medlemmene. I 2008 var lokala utlånt til prøvar og framsyninga av ulike medlemsorganisasjonar 168 dagar, noko som til saman utgjorde 1194 timer.

### *Økonomi*

VT hadde i 2008 eit overskot på kr. 115 083,- og oppnådde dermed målet om å styrka eigenkapitalen.

### *Vidare drift*

Føresetnaden for vidare drift er til stades og lagt til grunn ved utarbeiding av årsrekneskapen.

### *Utfordringar*

Trass i ei markant auke i aktivitetane til VT har det ikkje vore auke i dei offentlege tilskota. Det vil derfor vera eit klart mål for framtida at VT skal målast utifrå heile si verksemd og ikkje delar av denne. For å opprethalde og gjennomføre våre aktivitetar og tilbod er det også heilt naudsynt med ei betydeleg auke i eigeninntening.

### *Møteverksemd*

Det vart halde 6 styremøte samt årsmøte i 2008.

### *Arbeidsmiljø*

Det var ingen langtidssjukmelde i 2008. Det har ikkje vore ulukker med personskadar. Arbeidsmiljøet har vore godt med inspirerande og krevjande oppgåver for samtlege. Det vart gjennomført medarbeidersamtalar for samtlege tilsette. Det er fast tilsett 1 mann og 4 kvinner i organisasjonen. Styret består av 4 menn og 2 kvinner.

### *Ytre miljø*

Aktivitetane til VT påverkar ikkje det ytre miljø.

Styret takkar dei tilsette, samarbeidspartnerar, Kultur- og kyrkjedepartementet, Bergen kommune, Hordaland fylkeskommune og Norsk teaterråd for godt samarbeid.

Bergen, 30.3.  
..... - 2009

Chris Tvedt  
Styreliar

Camilla Svingen  
Nestleiar

Mette Gjerde  
Styremedlem

Arne Lyngbo  
Styremedlem

Hans Petter Svege  
Styremedlem

Frode Helmich Pedersen  
Styremedlem

## VESTLANDSKE TEATERSENTER

### Resultatrekneskap

	Note	2008	2007
<b>Driftsinntekter</b>			
Driftstilskot	2	3 158 280	3 109 226
Andre inntekter		<u>3 201 555</u>	<u>2 652 353</u>
Sum driftsinntekter		<u>6 359 835</u>	<u>5 761 579</u>
<b>Driftskostnader</b>			
Lønskostnad	4,5	2 600 510	2 510 649
Avskrivning	6	129 787	101 785
Andre driftskostnader		<u>3 534 709</u>	<u>3 031 541</u>
Sum driftskostnader		<u>6 265 006</u>	<u>5 643 975</u>
<b>Driftsresultat</b>		<u>94 829</u>	<u>117 604</u>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Annan finansinntekt		29 330	10 079
Annan finanskostnad		<u>9 076</u>	<u>741</u>
Netto finansinntekter		<u>20 254</u>	<u>9 338</u>
<b>Årsresultat</b>		<u>115 083</u>	<u>126 942</u>
<b>Overføringer:</b>			
Overført til/frå annan eigenkapital		<u>115 083</u>	<u>126 942</u>

## VESTLANDSKE TEATERSENTER

---

### Balanse pr. 31. desember

	Note	2008	2007
<b>Anleggsmidlar</b>			
<i>Immaterielle eigedelar</i>			
Utvikling web-side	7	38 500	0
<i>Varige driftsmidlar</i>			
Inventar, verktøy, kontormaskinar ol	6	276 334	222 864
<i>Finansielle eigendelar</i>			
Investering i aksjar		1 000	1 000
Depositum		105 692	5 000
Sum finansielle eigendelar		106 692	6 000
Sum anleggsmidlar		421 526	228 864
<b>Omløpsmidlar</b>			
<i>Fordringar</i>			
Kundefordringar		18 687	20 694
Andre fordringar		35 822	10 003
Sum fordringar		54 509	30 697
Bankinnskot, kontantar og liknande	3	698 066	759 766
Sum omløpsmidlar		752 575	790 463
<b>Sum eigedelar</b>		<b>1 174 101</b>	<b>1 019 327</b>

# VESTLANDSKE TEATERSENTER

## Balanse pr. 31. desember

	Note	2008	2007
<b>Eigenkapital</b>			
<i>Opptent eigenkapital</i>			
Eigenkapital	8	502 730	387 647
<b>Gjeld</b>			
<i>Kortsiktig gjeld</i>			
Leverandørgjeld		94 628	51 841
Skuldig offentlige avgifter		159 618	178 885
Annan kortsiktig gjeld		417 126	400 954
Sum kortsiktig gjeld		671 372	631 680
<b>Sum eigenkapital og gjeld</b>		1 174 101	1 019 327

31. desember 2008

30. mars 2009

Baard Christian Tvedt  
Styreleiar

Camilla Svingen  
Nestleiar

Mette Gjerde  
Styremedlem

Arne Lyngbø  
Styremedlem

Hans Petter Svege  
Styremedlem

Frode Helmich Pedersen  
Styremedlem

Frøydís Ótró  
Administrativ leiar

## VESTLANDSKE TEATERSENTER

### Notar til rekneskapen for 2008

#### Note 1 -- Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med reglane i rekneskapslova og god rekneskapsskikk.

##### *Inntekter*

Inntektsføring ved sal av varer og tenester skjer på leveringstidspunktet.

##### *Klassifisering og vurdering av balansepostar*

Anleggsmidlar er egedelar meint til varig eige og bruk i verksemda. Anleggsmidlar blir vurdert til kostpris, men blir nedskrivne til verkeleg verdi dersom ein ikkje forventar at verdifallet vil være forbigåande. Langsiktig gjeld blir balanseført til opptakskost. Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfatter postar som forfell til betaling innan eitt år samt postar som knyter seg til varekrinslaupet. Andre postar er klassifisert som anleggsmiddel/langsiktig gjeld. Omløpsmidlar blir vurdert til laveste av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til opptakskost.

##### *Fordringar*

Kundefordringar og andre fordringar er oppførte i balansen til pålydende.

##### *Varige driftsmidlar*

Varige driftsmiddel blir balanseførte og avskrivne over driftmiddelet si økonomiske levetid, dersom det har levetid over 3 år. Vedlikehald av driftsmidlar blir kostnadsførte løpende, medan påkostningar blir tillagt driftsmiddelet sin kostpris og avskrivne over resterande økonomisk levetid.

#### Note 2 -- Driftstilskot

	2008	2007
Norsk Teaterråd	1 114 280	985 694
Kultur- og kirkedepartementet	1 083 000	1 038 000
Bergen Kommune	735 000	665 000
Hordaland Fylkeskommune	226 000	403 000
Fond for utøvende artister	<u>0</u>	<u>17 532</u>
Sum	<u>3 158 280</u>	<u>3 109 226</u>

#### Note 3 - Bundne bankmidlar

Av inngående på bankkonti 31.12. er kr 84 503,- bundne som tryggleik for skattetrekksmidlar.

## VESTLANDSKE TEATERSENTER

### Notar til rekneskapen for 2008

#### Note 4 - Løn, godtgjersler, lån til tilsette m.m.

<i>Lønskostnader</i>	2008	2007
Løn	2 248 709	2 165 005
Arbeidsgivaravgift	321 349	317 141
Pensjonskostnader	30 452	27 302
Andre ytingar	0	1 200
<b>Sum</b>	<b>2 600 510</b>	<b>2 510 648</b>

Gjennomsnittleg tal på tilsette	5	5
---------------------------------	---	---

<i>Godtgjersler</i>	<i>Løn</i>	<i>Andre godtgjersler</i>
Dagleg leiar	397 365	6 120
Administrativ leiar	383 565	0
Styret	0	18 000

#### *Revisor*

Revisjonshonorar utgjer kr 31 875.

I tillegg kjem andre tenester med kr 13 000. Alle beløp er inkl.mva.

#### Note 5 - Pensjonar

Vestlandske Teatersenter er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon. Oppretta pensjonsordning er i samsvar med krava i denne lova.

Selskapet har oppretta innskotsplan. Innskotsplanen omfattar heiltidstilsette og utgjer 2 % av løn.  
Pr. 31.12.2008 var det 5 medlemmar i ordninga.

Kostnadsført innskot utgjer kr 30 452.

#### Note 6 - Varige driftsmidlar

	Inventar, verktoy, kontormaskiner os
Kostpris 01.01.2008	557 414
Tilgang kjøpte driftsmidler	181 257
Anskaffelseskost 31.12.2008	738 671
Akk. avskr./nedskr. 31.12.2008	462 337
Bokført verdi 31.12.2008	276 334
Avskriving i året	127 787
Økonomisk levetid	3-5 år
Avskrivningsplan	Lineær

## VESTLANDSKE TEATERSENTER

### Notar til rekneskapen for 2008

#### Note 7 – Immaterielle egedelar

	Utvilning web-side
Kostpris 01.01.2008	0
Tilgang kjøpte driftsmidler	40 500
Anskaffelseskost 31.12.2008	<u>40 500</u>
Akk. avskr./nedskr. 31.12.2008	<u>2 000</u>
Bokført verdi 31.12.2008	<u>38 500</u>
Avskriving i året	2 000
Økonomisk levetid	5 år
Avskrivningsplan	Lineær

#### Note 8 - Eigenkapital

	Annen eigenkapital	Sum
Eigenkapital 01.01.2008	387 647	387 647
Årsresultat	115 083	115 083
Eigenkapital 31.12.2008	502 730	502 730

Til årsmøtet i Vestlandske Teatersenter

Statsautoriserte revisorer  
Ernst & Young AS  
Lars Hillesgate 20A, NO-5008 Bergen  
Postboks 6163 Postterminalen, NO-5892 Bergen  
Foretaksregisteret: NO 976 389 387 MVA  
Tlf: +47 55 21 30 00  
Fax: +47 55 21 30 01  
[www.ey.no](http://www.ey.no)  
Medlemmer av Den norske Revisorforening

## Revisjonsmelding for 2008

Vi har revidert årsrekneskapen for Vestlandske Teatersenter for rekneskapsåret 2008, som syner eit årsoverskot på kr 115 083. Vi har også revidert opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen og føresetnaden om at drifta skal halde fram. Årsrekneskapen er samansett av resultatrekneskap, balanse og opplysningar i notar. Rekneskapslova sine regler og god rekneskapsskikk i Noreg er nyttå ved utarbeidninga av rekneskapen. Årsrekneskapen og årsmeldinga er lagde fram av styret for selskapet. Vår oppgåve er å vurdere og uttale oss om årsrekneskapen og andre tilhøve slik revisorlova krev.

Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, herunder revisjonsstandarder vedtekne av Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardene krev at vi planlegg og utfører revisjonen slik at han gir oss den tryggleiken vi treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nyttå, og av vesentlige rekneskapsestimat, og dessutan vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av god revisjonsskikk, omfattar revisjon også ein gjennomgåing av forvaltninga av formua og rekneskaps- og interne kontrollsystemer i selskapet. Vi meiner at revisjon vår gir eit forsvarleg grunnlag for konklusjonane.


Vi meiner at

- årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilet av selskapet si økonomiske stilling 31. desember 2008 og av resultatet i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapsskikk i Norge.
- leiinga har oppfylt plikta si til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapets rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg
- opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen og føresetnaden om at drifta skal halda fram er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Bergen, 30. mars 2009  
ERNST & YOUNG AS



Frank Eithun Helland  
statsautorisert revisor



”Sommerfugl”

## S tyret, valnemnd og revisor

Styreleiar

Chris Tvedt

Styremedlem

Mette Gjerde

Styremedlem

Arne Lyngbø

Styremedlem

Hans Petter Svege

Styremedlem

Frode Helmich Pedersen

Einskild medlem

Medlemsorganisasjonar

Foreldrerepresentant

Oppnemt av Bergen kommune for  
perioden 2007 – 2011

Vararepresentantar:

Sara Henriksen

vara for Frode Helmich Pedersen

Jan Holden

vara for Arne Lyngbø og Mette Gjerde

Anita Berge

vara for Hans Petter Svege

Valnemnd

Stigespillerne (Medl.org.)

Margareth Hosøy

Tilsette

Frøydis Flotve

Foreldrerepresentant

Grete Stemre

Revisor

Ernst & Young

# Tilsette

Kunstnarleg leiar  
Administrativ leiar  
Teaterpedagog, undervisningskoordinator Teaterskolen  
Teaterpedagog, kurs- og medlemskoordinator  
Teaterpedagog, DRAMAS


Steinar Thorsen  
Frøydis Otre  
Frøydis Flotve  
Camilla Svingen  
Kristin Saltkjelvik



"*Ut på Nordnes*"

## Timelærarar og frilansarar

Kate Elin Lid	Timelærar teaterskolen, våren 2008
Margareth Hosøy	Timelærar teaterskolen vår og haust, skodespelar i "Dill & Diger", kursinstruktør
Jeanette Magnussen Kjær	Timelærar teaterskolen frå hausten 2008, kursinstruktør
Lars Fimland Moberg	Timelærar teaterskolen frå hausten 2008
Jan Holden	Scenograf "Sommerfugl", lyd-/lys tekniker
Linda Prestegård	Scenograf, kostymer "Sommerfugl"
Lars Sveinung Lid	Musikar i framsyninga "Dill & Diger"
Ann-Terese Aasen	Koreograf og dansar i framsyninga "Sommerfugl", koreograf for framsyninga "Whatever liksom", "RV 555" og "Ut på Nordnes"
Tarjei Vatne	Komponist i samband med framsyningane "Sommerfugl" og "Whatever liksom", kapellmeister i "Ut på Nordnes"
Marte Synnevåg	Kostymer "Slaget ved Alvøen", "Ut på Nordnes" og Teaterskolen
Gard Frostad Knudstad	Instruktør "Oss brødre imellom", skodespelar i "Slaget ved Alvøen"
Sigurd Aae Knutsen	Skodespelar i framsyningane "Sarah med J" og "Ut på Nordnes", instruktør "Slaget ved Alvøen"
Marit Loe Bjørnstad	Dansar i framsyninga "Sommerfugl"
Tor Martin Eriksen	Tekstforfattar til kabaren "Whatever liksom", teknikar "RV 555"
Tormod Løvold	Instruktør for kabaren "Whatever liksom"
Christian Holter	Musikals arrangement i samband med framsyninga "Slaget ved Alvøen"
Lars Voss Sørhus	Kursinstruktør
Maja Balic	Skodespelar i framsyninga "RV 555"
Wenche Kvamme	Skodespelar i framsyningane "Slaget ved Alvøen" og "Ut på Nordnes"
Arild Vestre	Skodespelar i framsyninga "Slaget ved Alvøen"
Nina Hera Bjørnstad	Scenograf "Ut på Nordnes"
Glenn Endre Bertelsen	Skodespelar "RV 555"
Ingvill Skjold Torkildsen	Skodespelar "RV 555"
Jon Eirik Sira	Skodespelar "RV 555"
Yngve Simmenes	Musikar "Ut på Nordnes"
Robin Jacobsen	Musikar "Ut på Nordnes"
Tor Halvor Halvorsen	Skodespelar "Ut på Nordnes"
Vibeke Flesland Havre	Kursinstruktør
Jarle Solheim	Kursinstruktør
Silje Schevig	Skodespelar "Sara med J"
Siri A. Kristensen	Skodespelar "RV 555"
Lone I.I. Lægreid	Skodespelar "RV 555"
Tor Martin Bøe	Grafisk designer
Kent Ove Eide	Skodespelar "Slaget ved Alvøen"
Tor Anders Dale Bjørge	Skodespelar "Slaget ved Alvøen"



*”Slaget ved Alvøen”*

## Aktivitetar 2008

VT skal vera ein god formidlar av teater til barn, unge og amatørteater. Dette gjer VT med sine teaterproduksjonar, kurs og vidareutdanning samt vår teaterfestival Mini Midi Maxi.

VT sin aktivitet innan kurs-, oppdrag-, medlemsservice-, teaterproduksjonar og teaterfestival viser ein organisasjon som kan tilby det meste innan teater for barn, unge og amatørteaterverksemd. I 2008 samarbeida VT med Den Nationale Scene, Ole Bull Scene, Logen teater, Høgskolen i Bergen, Nordsjøfartsmuseet, Statens vegvesen, Redd Barna, FN-Sambandet Vest og Amalie Skrams Hus for å nemne nokre.

## Kunstnarlege aktivitetar

I 2008 hadde VT eit totalt publikumstal på 23 614, ein auke frå 2007 på 5 292. Det totale talet på teaterproduksjonar var 39, totalt 163 framsyningar. Aktørane i produksjonane var fordelt med 654 barn og unge og 113 vaksne. Dette er ei særskilt gledeleg utvikling.

### *”Oss brødre imellom”*

Framsyninga omhandlar barnesoldatar og var samansett av 13 barn i alderen 13-19 år frå teaterskolen. Framsyninga var eit oppdrag frå Redd Barna og FN-Sambandet, som i 2007 hadde som eit av sine hovudtema barnesoldatar, og i samband med det ønskte ei framsyning som tok føre seg dette temaet. Framsyninga vart godt motteken og turnerte i 2007 på Vestlandet og Austlandet. I 2008 blei framsyninga invitert til Vinterlysfestivalen i Mo i Rana kor den blei vist 10 gonger og totalt samla eit publikum på 1170.

### *"Sommerfugl"*

Den Nationale Scene ønskete at VT skulle produsere ei framsyning for barn frå 0 – 4 år. Manus blei utvikla på VT med instruktør, 2 skodespelarar og ein dansar. Resultatet blei ei flott framsyning som tar for seg ein sommerfugl sitt liv frå fødsel til død. Etter framsyninga fekk barna kome fram på scena og leike med dokkene, som og var ein del av framsyninga. "Sommerfugl" fekk særskilte gode tilbakemeldingar frå publikum og barna viste tydeleg at denne opplevinga var positiv. Totalt blei "Sommerfugl" vist 56 gonger med eit publikumstal på 3 863.

### *"Ut på Nordnes"*

I 2008 feira buekorpset Nordnæs Bataillon sitt 150 års jubileum og ønskete i samband med det ei framsyning som skulle markere jubileet. Manus vart skrive av Gunnar Staalesen og Steinar Thorsen, VT var ansvarleg for instruksjon og tilrettelegging av framsyninga som blei vist på Den Nationale Scene 2 gonger på jubileumsdagen 26. april. Totalt 22 aktørar var på scena, 17 av desse var barn og unge. Publikumstalet var 904. I tillegg skulle også sjølv dagen for skipinga markerast med eit utearrangement kor det vart vist utdrag frå framsyninga. Her deltok i tillegg barn og ungdom frå buekorpset. Totalt fekk eit publikum på til saman 2 500 personar oppleve 146 barn og unge samt 5 vaksne i ei flott framsyning utandørs.

### *"Slaget ved Alvøen"*

Slaget ved Alvøen var eit sjøslag mellom ein engelsk fregatt og ein norsk styrke med fire kanonjoller og ei kanonsjalupp 16. mai 1808. Slaget fann stad i Vatlestraumen ved Alvøen like sørvest for Bergen. Lokalforeninga i Alvøen og Selskapet Den god Hensigt kontakta VT med ønske om ei markering av 200 års jubileet for slaget. Resultatet vart eit historisk spel over slaget ved Alvøen som blei vist i Alvøen 16. mai. I tillegg til 36 aktørar, deltok Forsvarets Musikkorps Vestlandet, Kanonjollen "Oester Rissoer", galeasen "Loyal", Bergen Kystland med "Enigheten" og "Den gode Hensigt". Framsyninga hadde ei overveldande publikumsoppslutning på totalt 2000.

### *"Sarah med J"*

Framsyninga var eit bestillingsverk frå Nordsjøfartsmuseet i Telavåg og blei vist i samband med Holocaustdagane i januar for alle skoleelevar i 6. klasse på Sotra. Framsyninga vart vist på museet. Manus og undervisningsopplegg er utarbeida av VT. 560 elevar fekk med seg framsyninga.

### *"RV 555"*

I 2008 vart siste runde med framsyninga "RV 555" vist for elevar i den vidaregåande skole i Hordaland. Framsyninga var eit ledd i haldningskampanjen "Ungdom og villmannskjøring" og har i fleire år turnert i fylket. Framsyninga var eit samarbeid med Statens vegvesen og Hordland fylkeskommune, Opplæringsavdelinga. "RV 555" var på turné 2 veker på våren og hausten 2008 og vart vist for totalt 3 223 elevar i Hordaland.

### *"Teaterfestivalen Mini Midi Maxi"*

Festivalen vart gjennomført 26. – 29. november. I løpet av nokre hektiske dagar blei det vist 17 ulike produksjonar i tillegg til workshop og seminar. 2 839 publikum og festivaldeltakarar deltok på festivalen. I tillegg til framsyninga frå Norge deltok teatergrupper frå Ungarn, USA, Tyskland, Storbritannia, Danmark og Tsjekkia. Mangfaldet av teater for barn og unge som vert vist gjennom festivaldagane er viktig. Det er ei klar satsing at teaterpublikummet skal få læra å kjenna teater frå andre land så vel som dei norske. Møtet med teaterformer som

kan vere annleis enn det ein er vane med, framsyningar som vert framført på andre språk og ulike tradisjonar for kva som vert produsert av barneteater er essensielt å få fram på festivalen. Kombinasjonen av eit kunstnarleg og fagleg program er eit bevisst val for å skape ein heilskap for festivalen. Festivalen skal ikkje berre skape ei teaterinteresse blant teaterpublikum i Bergen, men trekke til seg fagmiljø frå andre deler av landet. Det lover godt når teaterensemble som har besøkt festivalen spør om dei kan få kome tilbake, og dette viser og att i ein del fagmiljø som besøker festivalen år etter år. Positive ringvirkningar kjem ut av festivalen: framsyningar som har blitt vist på festivalen har året etter blitt kjøpt opp av DKS og sendt på turné i fylket og det vert arbeidd for at teatergrupper som besøker festivalen skal halde workshop for barn i samarbeid med DKS og skolar.

#### *Andre*

Det vart i tillegg til framsyningane nemnt over vist eit mangfold av teateropplevelingar gjennom 2008 representert med våre elevar på teaterskolen samt andre produksjonar frå VT.



Vinterlysfestivalen i Mo i Rana, elevar frå teaterskolen som flammeblåsarar

#### *Kulturelt mangfold*


VT samarbeidde med Norsk Teaterråd om den første nasjonale amatørteaterfestivalen "Teater uten grenser" som vart arrangert på Stord 24. – 26. oktober. VT var fagleg hovudarrangør i samarbeid med teaterrådet. Tema for festivalen var kulturelt mangfold og VT var representert med framsyninga "Mens vi venter på en båt" med den irakiske gruppa *Speilbilder*, samt to workshopar; "Fysisk teater og sceniske etyder" med den irakiske skodespelaren og instruktøren Sadik Aziz og "Improvisasjon som idébase for tekst" med Sigurd Aae Klausen. VT gav også gruppa *Speilbilder* økonomisk tilskot for å gjera det mogleg for dei å delta på festivalen.

VT ønskjer og å trekkje fram det kulturelle mangfaldet som blir tilbode publikum kvart år i samband med Teaterfestivalen Mini Midi Maxi, der det i 2008 deltok teatergrupper frå 6 land i tillegg til Norge.

Tal teatergrupper	*Tal aktørar/deltakarar		Tal framstyringar	Publikumstal
Framstyringar i regi av Vestlandske Teatersenter	Barn og unge	Vaksne over 26 år		
"Dill & Diger"		3	6	267
"Sarah med J"	1	1	8	560
"Sommerfugl"		3	56	3863
"Oss brødre imellom"	11		10	1170
"Nordnæs-jubileum", DNS	17	5	2	904
"Nordnæsjubileum", Tollbodalm.	146	4	1	2500
"Slaget i Alvøen"	28	8	1	2000
"Englantyne Jebb"	2	15	1	150
"Sammen er vi en og en"	14		1	120
"Hans og Grete"	25		2	220
"En midtsommernatts- drøm"	13		1	113
"RV 555"	4		27	3223
"Bilder fra Bjørgvin"	117	29	1	1100
"Superhelter"	13	3	1	56
"The Black Cucumber"	10		1	48
"Moralen er..."	14		1	62
"Intet for stort, intet for lite"	14		2	83
"Forbilde til besvær"	14		2	90
"Revyvyer"	12		1	56
"Morning mood from non- pillars of Society"		2	2	100
"St. Sunniva og Viking Ravn"	4		1	850
"Mannen med ljåen"	5		1	850
"Jomfru Gudrun"	5		1	850
"Pest og fangehull"	8		1	470
"Whatever liksom"	12		7	570
"Teaterparade"	150		1	500
Åpningsforestilling Mini Mini Maxi	15	6	1	200
"Mama Salt og Papa Pepper"		2	2	370
"Fabrik – The Legend of Mr. Rabinowitz"		4	2	296
"Houdinis Suitcase"		2	2	242
"Gjøglerens fødsel"		1	2	89
"Ooujeeih"		3	2	295
"Frk. Margareta"		1	2	118
"Den lille prinsen"		3	2	489
"Far, mor og barn"		4	2	241
"Fantasy Travellers"		6	2	148
"De røde skoene"		4	2	141
"Robin Hood"		2	2	165
"En kus dagbok"		2	1	45
<b>Totalt</b>	<b>654</b>	<b>113</b>	<b>163</b>	<b>23614</b>

VESTLANDSKE TEATERSENTERS TEATERSKOLE PRESENTERER

# THE **BLACK CUCUMBER** - OG DINE VERSTE MARERITT



## MED GRUPPE 2

REGI/ INSTRUKTØR  
CAMILLA SVINGEN  
ASSISTENTER OG MASKER  
SILJE LOKØY og SVEIN HOVLAND  
MANUS: CAMILLA SVINGEN  
SILJE LOKØY, SVEIN HOVLAND  
SKUESPILLERE: FREDRIK SADJUKA SARR  
CAROLINE BERGITTE VINDENÆS KARLSEN  
VILDE KRISTINE UTHUS HALSE • AASTA VALEN  
MILDRI BEFRING • OLIVER NYGAARD AANDAHL  
JOSTEIN BARLAUP • JONAS FLOTVE RØSSLAND  
JULIA BAKKEVIG • FREDRIK RUSTAD

SPILES I VESTLANDSKE  
TEATERSENTERS LOKALER  
**ONSDAG 9.APRIL KL.18:00**  
FRI ENTRÉ

# Kurs

Dei totale kurstimane for verksemda i 2008 utgjorde 1 462 timer. VT si kursverksemd varierer frå undervising på teaterskolen, instruksjonsoppdrag på kulturskole, folkehøgskole og barneskole, teaterkurs for psykisk sjuke i regi av Amalie Skrams Hus i Bergen, diktkurs på eldresenter og ulike teaterkurs på festivalar. Omfanget av kurs og oppdrag viser og at VT står for ein kompetanse som er etterspurd.

## Teaterskolen

Ved semesterstart hausten 2008 starta 167 elevar (149 elevar i 2007) på teaterskolen.

Grunna stor pågang blei skolen utvida med ei gruppe. *Teater Extra* gruppa er i tillegg til dei 11 vanlege gruppene eit tilbod til dei særteaterinteresserte av våre elevar. Utover ordinær undervising får 13 – 15 elevar kvart år moglegheita til å vera med i ein teaterproduksjon som vert synt fram på ei av dei større scenene i Bergen. I 2008 var det den politiske kabareten "Whatever liksom.." som vart resultatet.

## Sentrale kurs 2008

Kurstema / tittel	Stad	Dato	Tal deltagarar	Tal timer
Sminkekurs	VT, for BKK	14.jan.	5	3
Gr. 1	Teaterskolen, VT	Vår/haust	15	41
Gr. 2	Teaterskolen, VT	Vår/haust	15	41
Gr. 3	Teaterskolen, VT	Vår/haust	14	58
Gr. 4	Teaterskolen, VT	Vår/haust	15	58
Gr. 5	Teaterskolen, VT	Vår	15	34
Gr. 5 a	Teaterskolen, VT	Haust	15	26
Gr. 5 b	Teaterskolen, VY	Haust	14	26
Gr. 6	Teaterskolen, VT	Vår/haust	15	54
Gr. 7	Teaterskolen, VT	Vår/haust	15	56
Gr. 8	Teaterskolen, VT	Vår/haust	13	58
Gr. 9	Teaterskolen, VT	Vår/haust	14	84
Gr. 10 (Teater Ung)	Teaterskolen, VT	Vår/haust	13	96
Teaterkurs	Amalie Skrams Hus, Bergen	28.jan. – 15. juni	10	74,5
Teaterkurs	Slettebakken skole, Bergen	10.jan. – 7.febr.	14	5
"Sarah med J"	Museum Vest, Telavåg	21. – 30. jan	2	23
Workshop i regi	Vinterlysfestivalen, Mo i Rana	21. - 23.febr.	15	12
Instruksjon og regi	Voss Folkehøgskule	Februar	90	40
Gateteater	Vinterlysfestivalen, Mo i Rana	21. – 23.febr.	15	12
Sminkekurs "Ringenes Herre"	Osterøy ungdomsskule, Osterøy	14.febr.	15	4
Sminkekurs	Voss Folkehøgskule	Februar	45	4
RV 555	VT	26.febr. – 25.mars	4	79
RV 555	VT	30.aug. – 12.okt.	4	75
Teaterkurs	Skranevatnet skole, Bergen	Jan. – juni	15	51
Instruksjon, "Slaget ved Alvøen"	Alvøen / VT	7.apr. – 15.mai	15	95
Instruksjon "Ut på Nordnes"	VT / DNS	14.apr. – 26.apr.	22	107

Teaterkurs	Tirsdagsklubben, Skranevatnet skole / Fana kulturkontor	5.febr. – 29.apr.	25	9
Diktkurs	Slettebakken Eldresenter, Bergen	1.apr.	8	2
Teaterkurs	Norges Gymnastikk- og Turnforbund, avd. Sportsdrill Bergen	25.mai	20	3
Fra idé til forestilling	Revyfestivalen på Fitjar	19. – 20.sept.	16	6
Skuespillerteknikk	Revyfestivalen på Fitjar	19. – 20.sept.	14	6
Sminkekurs	Revyfestivalen på Fitjar	19. – 20.sept.	12	6
Produksjonsledelse	Revyfestivalen på Fitjar	19. – 20.sept.	4	6
Turbokabaret	Nore Neset Ungdomslag, Os	19. – 21.sept.	10	24
Instruksjon	Fjell kulturskule / Knarrevik / Landro / Bildøy	Jan. – nov.	235	130
Teaterkurs	Skranевatnet skole	Sept. – des.	14	47,5
Workshop: Individ og ensemble	DNS	27. nov.	15	3
Workshop: Fra ordet til sang,dans,musikk	Logen Teater	27. nov	15	3
<b>TOTALT</b>			<b>953</b>	<b>1462</b>

## Medlemmer og medlemsservice

Talet på medlemsorganisasjonar og enkeltpersonar ligg på same nivå som tidlegare år: 49 lag/organisasjonar og 155 enkelt personar. I tillegg til formidling av kursinstruktørar, rabatterte kurs, gratis utlån av teknisk utstyr, kostyme og manus, er gratis utlån av øvingslokale eit populært tilbod til våre medlemmer. I 2008 var lokala utlånt til prøvar og framsyningar av ulike medlemsgrupper 169 dagar, noko som utgjorde 1 194 timer.

### Medlemmer 2008:

Dramagruppa v/ Finnøy musikk og kulturskole, Finnøy

Teaterforeningen criMePRO, Bergen

Fykse skule v/ Tormod Carlsen, Steinstø

Pinocchio Musikk og Drama, Bergen

Stigespillerne, Bergen

Mjeldalen ungdomslag, Haus

Barneteateret Syltetøy, Haus

Askøyteateret, Kleppestø

Arna Musikkteater, Ytre Arna

Teaterkompaniet Proscenia, Bergen

Ungdomslaget Strilen, Straume

Stiftinga Voss folkehøgskule, Voss

Fjell kulturskule – teater/drama, Straume

Søre Neset ungdomslag, Os

Tørvikbygd ungdomslag, Tørvikbygd

Kvam Revyteater, Øystese

Drama og teaterskolen, Florø

Bygstad ungdomslag, Bygstad

SFO Haukeland skole, Bergen

Studentteateret Immaturus, Bergen

Utne Grannelag, Utne

UL Heimhug, Revygruppa, Hjelmås  
 Lindås ungdomslag, Lindås  
 Haugesun Mållag og ungdomslag, Haugesund  
 Solund ungdomslag, Hardbakke  
 Os Bygdekunstlag, Hagavik  
 Fedje teaterlag, Fedje  
 Alvøen lokalforening, Alvøen  
 Teaterverkstad i Radøy, Sæbøvågen  
 TAF Teater, Dalekvam  
 Postens Revygruppe, Florvåg  
 UL Nybrot, Vågseidet  
 Kompani Krap..(p), Bergen  
 Sotra Teaterlag, Straume  
 Liland ungdomslag, Blomsterdalen  
 Glesnes Teaterlag, Glesvær  
 Flammen Teaterlag, Rong  
 Andreas Holt, Bergen  
 Viksdalen ungdomslag, Sande i Sunnfjord  
 Fitjar Teaterlag, Fitjar  
 Krabatene, Brattholmen  
 Bergen Byspill Stiftelse, Bergen  
 Austrheim Frilynte ungdomslag, Austrheim  
 Aldateateret, Holmèdal  
 Fyllingsdalen vgs, Fyllingsdalen  
 Teatergruppe v/ Ida Sandven, Bergen  
 Nore Neset Ungdomslag, Hagavik  
 Kvam Herad, Norheimsund  
 Fitjar Revylag, Fitjar

Av den totale medlemsmassen sende 29 medlemsorganisasjonar inn informasjon om aktivitetene deira i 2008. Samla sto desse for:





	Produksjonar	Framsyningar	Deltakarar	Øvingar	Publikum
20-60 minuttar	38	169	399	290	59016
Over 60 minuttar	37	124	821	426	24084

Medlemskontingent i 2008:

Enkeltmedlem 200,-

Lag/organisasjonar 500,-

# T teaterfestivalen Mini Midi Maxi



*Hans og Grete*

EN BARNEMUSIKAL AV MARGRETHE BECK HEIEN

FREMFORES AV ELEVER VED VESTLANDSKE TEATERSENTER SIN TEATERSKOLE

JENS MARTIN FURØY, OLE BOLSTAD, VERONICA FLØYTE, ROSSLAND, SARAH SVEGE, PERNILLE HØIØG, RIBBER, SINA KJELDSEN,  
ANDREA MAGDEN BERG, MARGRETHE BERG, OHNSTAD, ANDREW HAKKI TILLER, INGA HAYLAND, MANNSAKER, LAILA SEVEN STRAND,  
JONA SOVIKNES, MARIE FJELLYVEIT, HANNA HAVRE, ANGELSHAUG, JOHANNA VILU, KOLSTØ, ANDREAS GROTE, JENSEN,  
OBIS MØLLER, VILHELMINE ROSSUMMOEN, STINA MARIE VALEN, ANNETHA RYGG, MARIUS RUSTI, HENRIETTE JACOBSEN,  
JULIE ANTONSEN, HOLMELID, ANITA SHAAF, FLO NØRSLØKKE, ØSTBO, VIVA, VILLA, ABSALONSEN.

BRYGGEN MUSEUM • ONSDAG 7. MAI 2008 KL. 17:30 OG 19:00  
BILLETTER: BARN KR. 10 • VOKSNE KR. 50

## §1 Formål

- a) Vestlandske Teatersenter (heretter forkorta til VT) skal vere eit kompetanse og opplæringssenter for teater, med særskilt ansvar for barn og unge.
- b) VT skal auke kunnskapen om teater og drama gjennom kurs og utdanningstilbod.
- c) VT skal arbeide for god scenekunst og fremje ny norsk dramatikk.
- d) VT har ansvar for å ta vare på nynorsk språk og talemål.
- e) VT med sete i Bergen skal ha sine hovudaktivitetar i Hordaland og på Vestlandet. På område der ein har særskilt kompetanse skal VT ha heile landet som verkefelt.

## § 2 Medlemskap

- a) VT er ein frivillig organisasjon der einskildpersonar, lag og organisasjonar kan vere medlemmer.
- b) Elevar på Teaterskolen blir automatisk medlemmer hos VT.

## § 3 Årsmøtet

- a) Årsmøtet er høgaste organet i VT
- b) Innkalling til årsmøtet skal kunngjerast til medlemmene seinast 60 dagar før møtet vert gjennomført. Årsmøtet skal haldast innan 15. mars kvart år og dato fastsetjast av styret seinast siste styremøte føregåande år. Framlegg frå medlemmane til saker som skal opp på årsmøtet må vere innsendt til administrasjonen/styret 30 dagar før årsmøtet. Sakspapir vert sendt ut seinast 14 dagar før årsmøtet.
- c) Årsmøtet kan berre handsame dei sakene som er nemnt i innkallinga.
- d) Følgjande saker skal handsamast på eit ordinært årsmøte:
  - Årsmelding og revidert rekneskap.
  - Fastsetje medlemskontingent for neste år.
  - Handlingsplan og budsjett for neste år.
  - Innkomne saker
  - Val.
- e) Årsmøtet skal velje:
  - styreleiar for 2 år
  - ein styremedlem og ein vararepresentant blant medlemmene for ein valperiode på 2 år slik at ein styremedlem og vararepresentant står for val ved kvart årsmøte.
  - ein styremedlem med personleg vara som representerer foreldra til elevane på Teaterskolen for ein valperiode på 2 år.
  - tre medlemmer til valnemnda for 1 år
  - revisor for rekneskapen for 1 år
- f) Alle saker på årsmøtet; med unntak av vedtektsendringar, kan avgjerast med enkel majoritet.
- g) Valkomiteen skal innstille på alle styreverv som skal veljast av årsmøtet. Innstilling må vere klar seinast 30 dagar før årsmøtet.
  - Elevar på Teaterskolen under 15 år kan representerast av ein av foreldra/føresette med 1 røyst på årsmøtet. Føresette som representerar sine barn har berre 1 røyst uavhengig av kor mange barn dei har på Teaterskolen
  - Medlemmene har røysterett på årsmøtet etter føljande nøkkel:

- Einskildpersonar over 15 år, 1 røyst
- Medlemsorganisasjonar har 2 røyster

Einskildpersonar kan berre representere seg sjølv, eige barn eller eit lag/organisasjon.

- h) For å ha røysterett må kontingensten vere innbetalt seinast 30 dagar før årsmøtet.
- i) Styremedlemmer har ikkje røysterett med mindre dei representerar ein organisasjon eller einskildperson.

#### **§ 4 Ekstraordinært årsmøte**

- a) Det skal innkallast til ekstraordinært årsmøte dersom det blir kravd frå: ordinært årsmøte, styret eller minst 1/3 av medlemsorganisasjonane.
- b) Innkallinga skal skje med minst 14 dagars varsel.
- c) Ekstraordinært årsmøte skal berre handsame dei sakene som er sett opp i innkallinga.

#### **§ 5 Styret si samansetting**

- a) Styret er på 6 personar og er samansett slik:
  - Styreleiar og 2 representantar som er valde av eit årsmøte.
  - 1 representant frå foreldra til elevane ved Teaterskolen og som er vald på eit årsmøte.
  - 1 representant peika ut av Bergen kommune.
  - 1 representant peika ut av dei tilsette.
- Ved likt røystetal har styreleiar rett til å nytte dobbelrøyst.
- b) Dei oppnemnde medlemmene frå Bergen kommune og dei tilsette har personleg vararepresentant. Det står fritt for Bergen kommune til å endre på representasjonen når det høver for dei, utan omsyn til årsmøte i VT.
- c) Styremøta er vedtaksføre når minst 4 medlemmer er til stades.
- d) Styret har ansvar for å leie laget i samsvar med vedtekten og dei vedtak årsmøtet gjer.
- e) Styret skal seg imellom velje nestleiar. Styret kan oppnemne eit arbeidsutval, og gje arbeidsutvalet naudsynte fullmakter. Dei tilsette sin representant i styret skal vere med i arbeidsutvalet.

#### **§ 6 Styret sine oppgåver:**

- Styret tilset kunstnarleg leiar og administrativ leiar.
- Styreleiar innkallar til styremøte når styreleiar eller minst 2 medlemmer av styret krev det.
- Styret utarbeider halvårige møteplanar.

#### **§7 Økonomi, forvaltning og revisjon**

- a) Rekneskapen i VT følgjer kalenderåret
- b) Styret har ansvar for at rekneskapen vert bokført etter godkjende prinsipp.

#### **§8 Vedtektsendringar**

- a) Framlegg til endringar i vedtekten må vere styret/administrasjonen i hende seinast 30 dagar før årsmøtet.
- b) Framlegg til endringar i vedtekten skal sendast ut til medlemmane seinast 14 dagar før årsmøtet.
- c) Alle endringar i vedtekten krev 2/3 aktivt fleirtal på eit årsmøte.
- d) Endringane trer i kraft frå det tidspunktet årsmøtet er heva.

## **§9 Oppløysing**

- a) Framlegg om oppløysing av VT krev 2/3 fleirtal på to påfølgjande årsmøte; eitt av desse skal vere ordinært årsmøte.
- b) Dersom det vert gjort gyldig vedtak om oppløysing, skal det oppnemnast eit avviklingsstyre, som i samråd med Bergen kommune og Hordaland Fylkeskommune skal arbeide for at eventuelle midlar som måtte vere til overs vert nytte til beste for kulturtiltak på Vestlandet etter føremålet som VT har arbeidd for.

---000---